



*NYTT
FRÅ*

INSTITUTT FOR INFORMATIKK



19. JANUAR 2007

Innhold

Nye medarbeidarar
Stillingar under handsaming
Instituttseminar
Nye masterstudentar
Instituttrådsmøte
Strategikomiteé
Møte om EU 7. rammeprogram
VERDIKT. Presentasjonsmøte av neste utlysing.

Nye medarbeidarar

Vi har fått to nye stipendiatar sidan nyttår:



Mohammad Ravenbakhsh
Selmersenteret



Paul Simon Svanberg
PUT

Stillingar under handsaming

Her er eit kort oversyn over stillingar i prosessen:

Stipendiatstilling på prosjektet *Parallell algorithms for combinatorial scientific computing*
Innstilling er klar og tilbod har gått ut til Hossein Maserrat Mashhadi.

Universitetsstipendiatstilling, *Selmersenteret*.

Innstilling er klar og Sayed Mahdi Mohammadhassanzadeh som vart innstilt på fyrsteplass er invitert til intervju (og kjem hit 30.1).

Stipendiatstilling på prosjektet *Secure heterogenous information presentation*.
Søknadsfrist er gått ut. 1 søkjar. Komité er sett ned.

Postdoktor på prosjektet *Coping with NP-hardness (YFF)*.
Petr Golovach har akseptert tilbodet om stillinga.

Postdoktor på prosjektet *Ramona*.
Søknadsfrist er gått ut. 4 søkjarar. Komité er sett ned.

Postdoktor på prosjektet *SagaGeo*.
Søknadsfrist er gått ut. 3 søkjarar. Komité er sett ned.

Professorat/fyrsteamanuensis i *bioinformatikk*.

Stillinga er lyst ut med søknadsfrist 10 februar.

http://melding.uib.no/doc/Ledige_stillinger/1167900614.html

Instituttseminar

Inntil vidare vil eg (instituttleiar) ha ansvaret for instituttseminaret.

Framlegg til førelesarar kan sendast meg på e-post.

Alle gruppene har ansvar for å koma opp med eit par framlegg.



Fyrst ut dette semesteret er **Kjell Jørgen Hole** som 25 januar (kl. 1415 i stort auditorium) vil halda føredraget

Nettbanksikkerhet i perioden 2003-2006.

Dette er ein oppdatert versjon av eit framifrå føredrag Kjell Jørgen hadde på NIK i november.

Dersom du ikkje var på NIK må du ikkje gå glipp av det no.

(Og var du på NIK er det også nye ting som du ikkje fekk der!)

Nye masterstudentar

Ti av søkjarane til masterstudiet i informatikk fekk tilbod om plass (for nokre under ymse atterhald). Av desse har 2 bede om utsetjing til hausten, ein har ikkje svara og 7 startar masterstudiet no:

Ahmed Abdulrahman Ali
Åsmund Rognerud Birkeland
Torbjørn Lium
Alberto Lander Stringfellow Montoya
Tommy Narrevik
Eyob Tregay Teweldemedhin
Fredrik Thorkildsen

I tillegg startar Irina Kvinnesland no på mastergraddelen av profesjonsstudiet i IKT.

Institutttrådsmøte

Instituttstyret har møte tysdag 23.01.2007 frå klokka 14:15 på møterom 3137.

Sakliste:

- SAK I: Godkjenning av innkalling og sakliste
- SAK 1/07 Foreløpig regnskap
- SAK 2/07 Framlegg til budsjett
- SAK 3/07 Oppnemning av representant til å delta i tilsettingsprosess instituttleiar
- SAK 4/07 Ymse

Strategi-komité



Det er sett ned ein komité som skal gjennomgå forskingsstrategien for instituttet og leggja fram ein revidert strategi m.a. med vurdering av eksisterande satsingsområde og koma med framlegg til eit nytt satsingsområde i tillegg i tilfelle MNT-satsinga blir ein realitet og av noko omfang. Medlemer i komiteen er Kjell Jørgen Hole, Inge Jonassen og Jan Arne Telle. Eg reknar med eit framlegg til utgangen av mai slik at dette kan diskuterast før sommaren og vera grunnlagsdokument for budsjettframlegg frå instituttet til fakultet i august.

EU 7. rammeprogram

Information and Communication Technologies Programme

Informasjonsmøte om utlysninger med søknadsfristar i 2007

Stad: Radisson SAS Scandinavia Hotel, Holbergsgate 30

Dato 24.01.07 10:00 - 15:00

(Sjå oppslag i gangen).

Bli ekspert i rammeprogrammet!

Kommisjonen ønsker å utvide databasen over folk som kan delta som evaluere i rammeprogrammet. Utlysninger for registrering av personer og organisasjoner er nå åpnet, og nordmenn oppfordres til å registrere seg.

<http://www.forskningsradet.no/servlet/Satellite?c=GenerellArtikkel&cid=1166550895307&p=1138720790992&pagename=ForskningsradetNorsk%2FGenerellArtikkel%2FVisMedHovedtilhorighet>

VERDIKT

Tid: Onsdag 7. februar, kl 10 - 13

Sted: Forskningsparken, Gaustadalléen 21, Oslo

Auditorium: FORUM

Forskningsrådets store IKT-program VERDIKT - *Kjernekompetanse og verdiskaping i IKT* - utlyser midler til forskerprosjekter, kompetanseprosjekter med brukermedvirkning og brukerstyrte innovasjonsprosjekter med søknadsfrist 18. april 2007. Utlysningen gjelder hele VERDIKTs virksomhetsområde.

VERDIKT lanserer en ny støtteform: Ressursnettverk. Formålet for ressursnettverkene skal være å:

a) Definere nasjonale forskningsutfordringer b) Profilere IKT forskning c) Generere gode prosjektforslag

Norges forskningsråd, Abelia og IKT-Norge inviterer IKT-orientert næringsliv og forskningsmiljø til lanseringsmøte der nye og eksisterende støtteformer innen VERDIKT programmet blir presentert.

Foreløpig program:

10 – 10.55: Ressursnettverk

- Faglige og kommersielle nettverk som nasjonal ressurs v/ Paul Chaffey, Abelia
- Ressursnettverk i VERDIKT, idé og formål v/ Programleder Anders Kluge
- Hvordan bygge et faglig nettverk v/ Roger Strøm, Statoil
- Status for Trådløs framtid v/ leder Rune Foshaug, Abelia
- Nettverk som grunnlag for gode prosjektsøknader v/ Fredrik Syversen, IKT Norge

10.55 – 11.10: Kaffepause

11.10 – 11.50: Hvordan passer VERDIKT for meg?

- Faglig innhold i VERDIKT, status og videreutvikling v/ Anders Kluge
- Beskrivelse av ulike støtteformer i VERDIKT v/ Morten Ween
- Hva er en godt prosjekt? Erfaring fra søknadsbehandling av over 130 søknader i VERDIKT v/ Morten Ween
- Spørsmål og svar om støtteformer og søknadsbehandling v/ VERDIKT panel

11.50- 12.30: Erfaring fra næringsliv og forskermiljø

- Erfaring fra søknadsprosesser v/ Einar Edvardsen, Telenor R&I
- Tverrfaglighet i søknadsprosess og prosjekt v/ Ragnhild Wahl, SINTEF teknologi og samfunn

12.30 -13: Enkel lunsj

Seminaret er gratis for alle påmeldte. Påmelding til hilde.albech@forskningsradet.no innen **5. februar**. Gi beskjed dersom du ikke kan delta på lunsj.